

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 66

Utkommer hver
måned

Mars 1936

Utgiver og redaktør:
Sogneprest Slaattlid
Davik

7. årg.

Bøn i fastetiden.

Kjære Jesus, milde Jesus, full av barmhjertighet og sannhet, forbarm dig også over mig etter din store miskunnhet. Gode Jesus, jeg ber dig ved det dyre blod som du har utgydt for oss elendige syndere på korsets alter, at du vil ta alle mine synder fra mig og ikke vende dig bort, når jeg i ydmyghet ber til dig og påkaller ditt hellige frelsernavn. Gud, vær mig synder nådig. Amen.

Korset.

Et kors, det var det hårde frange leie som jordens barn gav frelseren i eie; kun hat til holster og kun hån til hynde, fikk han der ikke kjente til a synde.

Nu vaier korset høit i folkets banner, i by ved by en korsets kirke stander; mot gylne kors sig aftensolen bryter og korsets ord fra tusen tunger lyder.

Ja, korset kneiser over land og bølge, og hvo vil ikke Jesu inntog følge? Og alle kommer de med palmegrene, men hvo vil være Simon av Cyrene?

Det er så lett å legge kors på andre, det er så tungt med korset selv å vandre; men vil du favne ham i aftenrøden, sa må du følge ham i middagsheten.

Vel dig som gikk med ham i livets trengsler, for dig går dødens port på lette hengsler. Vel mig om stav jeg kan av korset skjære, da går jeg lett hvor veiene er svære.

Jesu kross.

Krossen er midtpunktet i kristeleg tenkjing og gudsliv. Den ser vi alle stader i våre kyrkjer og på kyrkjegardane. Krosssteiknet vart gjort over oss ved dåpen, og ved alle gudstenester brukar presten det ved velsig-

ninga. Liksom Paulus rosar vi oss av Kristi kross, fordi den liksom samlar i seg alt det Jesus gjorde til vår frelse. Det er eit bilete, eit symbol på det som er det avgjerande i vår kristne tru.

Fyrst er krossen eit teikn på Guds underfulle kjærleik. Gud var i Kristus heilt og fullt; difor var Kristi gjerningar Guds gjerningar, hans offer var Guds offer, hans kjærleik var Guds kjærleik. Når vi ser på den krossfeste og hugsar Jesu ord: «Den som har set meg, har set Faderen», då veit vi, endå det er so mykje som er vanskeleg å skyna i natur og menneskeliv, at Gud verkeleg elsker oss. Dette prov gjeld for alltid; det står urikka i alle tider og for alle folk. For alle syrgjande og alle tvilande, for dei unge og eldhuga, for dei nedtyngde og trøyte, idag som for 1900 år sidan, viser Gud sin kjærleik til oss derved at Kristus døydde for oss, medan vi enno var syndarar.

For det andre er krossen eit teikn på Guds tilgjeving. Det kristne evangeliet er det glade bodet um utløyning frå syndeskuld, syndemakt og syndestraft. Korleis Kristi død kan frelsa oss frå synda, veit vi ikkje. Det kan vi ikkje utgrunda. Men vi vert ikkje frelste ved å forstå forsoninga med våre tankar, men ved i sanning å tru på den som eit faktum. Og den kjensgjerning at Gud var i Kristus og forlikte verda med seg sjølv, svarar til det som menneskja alle stader djupast treng.

Og endeleg er krossen eit teikn på den moralske makt som der ligg i det å ofra seg sjølv for andre. Den lærer oss at sjølvopfring er det største i verda og det som er til mest velsigning for oss sjølv og for andre. For det største i Jesu liv, og det som har havt mest verknad i verda, er ikkje hans lære eller hans eksempel, men hans død.

«Når eg vert lyft upp frå jorda, skal eg draga alle til meg». Det sa han for å syna kva avferd han skulde få. Joh. 12, 32 f. Menneskja har samla seg rundt hans fotar, dregne av denne hans offervilje. Korleis kunde det gå til, at det som før var eit teikn på skamm, på ein elendig død, endå meir enn ein galge er det for oss, no er vorte eit heilagt symbol som vi set over våre gudshus? Det er fordi krossen no er eit teikn på denne Jesu fullkomne sjølvoppofring, som provar, at alt verkeleg offer til beste for andre er vel verd det som det kostar. «Kristus fornedra seg sjølv og var lydige like til døden, ja døden på krossen —» og difor, nettupp difor «har Gud storleg upphøgt han og gjeve han det namn som er over kvart eit namn, so i Jesu namn skal kvart kne bøygja seg, deira som er i himmelen og på jorda og under jorda, og kvar tunge skal sanna, at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære».

(Frå engelsk).

Påskealtargangen.

Det har alltid vore so at alle vaksne kristne skulde gå til altars ved påsketider. Det er ei tid som høver serleg godt til altargang, men sjølv sagt skal vi ikkje gå berre då.

Palmesundag minner oss um korleis Jesus reid inn i Jerusalem som den milde konge, og dei helsa han: «Velsigna vere han som kjem i Herrens namn». Soleis kjem Jesus no til oss i det heilage sakramente, og vi skal ta imot han med takk og glede. — På skirtorsdag sette han inn det heilage måltid, idet han sa: Eg har lengta so etter å eta dette påskemålet ilag med dykk. (Luk. 22, 15). Soleis lengtar han hjarteleg etter å fa gjeva seg til oss i nattverden og dermed velsigna oss. — Langfredag gav han sin lekam i døden for oss og let sitt blod renna til forlating for våre synder. Denne sin lekam og dette sitt blod vil han no gjeva oss på underfull måte når vi kjem til Herrens bord. — Og påskedagane og sundagane etterpå minner oss um hans siger over døden. Han er den levande frelsar, som har livet, det evige, å gjeva til alle som trur. Dette liv er det som hans vener får i altarsakramentet.

Vi skynar at nettupp på ein av desse dagane høver det so godt, at vi tek imot natt-

verden, dersom vi vil vera kristne. Gjer det alle de som meinar det ålvorleg med dykkar kristendom! Men gjer det på den rette måten. Fyrelik dykk i bøn og sjølvprøving. Kom med audmjuke, truande og lydige hjarto. Lat oss be: «Å Gud, Heilage Ande, kom inn i mitt hjarta og gjer det slik at Jesus kan bu i det. Tak burt alle vonde tankar som kunde såra han, alle ukjærlege tankar som kunde gjera han sorg, alt syndigt og stygt som kunde driva han burt frå mi sjel. Fyll meg med inderleg sorg, fordi eg har synda so ofte og so mykje; fyll meg med levande kjærleik til Jesus og hjarteleg lengting etter å møta han. Gjev meg nåde til å vera liten og fatig og audmjuk, so eg kan vera verdig å koma til dette underfulle sakrament. Amen».

Men du som ikkje går til Herrens bord, og likevel reknar deg for å vera ein kristen, tenk over desse 3 ting:

Jesus seier: «Gjer dette til minne um meg». Men du gjer det ikkje!

Jesus seier: «Eg har lengta so etter å eta dette påskemålet ilag med dykk». Men du vil ikkje!

Jesus seier: «Et de ikkje kjøtet åt Menneskesonen og drikk hans blod, so har de ikkje liv i dykk». Men du vil ikkje gjera det!

Korleis må det då vera med din kristendom?

R. S.

†

Våre døde.

15. januar: Karianne Ellingsdatter Hessevåg, kona til Ole A. Hessevåg; f. 1878 på Olsbø; hjerneslag.

20. januar: Oliver Pedersson Kolset; g. gardbrukar; f. 1878; magekreft.

Det er berre eit stig millom meg og døden. 1. Sam. 20, 3.

På 80-årsdagen min, 26. jan. 1936.

Min Gud, min Gud, lov takk og pris,
som gav so lang ein dag.
Når eg kjem heim til Paradis,
eg syng i englelag.

Min Gud, min Gud, når livsens sol
snart dalar ned i vest,
da viokar du frå høge stol,
min kjære Herre Krist

Min Gud, min Gud, dei åtti år
ei handbreidd er for deg.
Som damp og dust, lik dag som gar
er menneskja sin veg.

Min Gud, min Gud, mitt anga då
du nådig late att.
Tak du mi arme sjel herfrå,
då aldri meir vert natt.

Min Gud, min Gud, din sæle fred,
eg evig njota skal.
Med frelseskaren eg meg gled
i høge himmelsal.

Min Gud, min Gud, min Jesus Krist,
eit høgt halleluja
deg evigt skal eg syngja hist.
Amen, halleluja.

Lærar J. Høinæs.

Den kristne tro.

5. *Hvordan Gud viser sin kjærlighet.*

Vi kan si at Gud viser sin faderlige kjærlighet mot sine barn på tre måter.

Før det første er det han som gir oss alt godt. Alt det i vårt liv som er velsignet og godt, kommer fra Gud. Liksom en jordisk far gir sine barn det de trenger, således er det Gud som har gitt oss alt det vi har. Han har gitt oss livet, gitt oss vår forstand og våre sanser, gitt oss helse. Vårt hjem er en gave fra ham. Han lar oss få vårt daglige brød, idet han velsigner vårt arbeid. Og han har gitt oss det største og beste av alt: sin egen sønn med frelse, syndsforlatelse og evig liv. Der er således intet godt i vårt liv som vi ikke har Gud å takke for. Dette gjelder både for kristne og ikke-kristne.

Dernæst: Gud styrer alt til det beste for sine barn. Liksom en far her på jorden gjerne vil lage og ordne alt til det gode for barna sine, således og vår himmelske fader. Alt som møter oss i livet, skal bli til gagn for oss, dersom vi elsker ham. Det vil ikke si, at vi alltid får det som vi selv ønsker. Guds tanker er ikke alltid våre tanker. Han ser så meget lenger enn vi. Han forstår, bedre enn vi selv, hvad der tjener til vårt beste, og så sender han det. Den kristne må ofte prøve trengsler og motgang, men han vet at også dette kommer fra Gud, fra vår far i himmelen. Vi er sikker på at også dette er til det gode for oss og er sendt oss fra Guds kjærlighet. Han ser at det må til dersom vi skal bli frelst. Somme tider får vi se det alt her i livet, hvordan det tunge og vanske-

lige blev til velsignelse for oss. Og i himmelen skal vi få se det helt ut, hvorledes Gud ordnet alt for oss, hvorledes alt som møtte oss, også det tyngste, var et ledd i Guds styrelse og tjente til vår sjels frelse. Alt var til det gode. For alt det som hjelper oss til å komme til himmelen, det er godt. Og alt det som hindrer oss i å komme til Gud, det er ondt.

Endelig: Gud opdrager og optukter sine barn her på jorden, akkurat som en forstandig jordisk far må gjøre det. Skal vi bli slik som Gud vil at vi skal være, så må der tukt og rettledning til. Han sier oss sin vilje i sitt ord. Han velsigner og lønner den som er lydlig, han straffer den som er ulydig. Men alt i kjærlighet. Han kaller og arbeider på dem som er borte fra ham, bruker velgjøringer og tuktelser, for å drage dem til sig og gjøre dem til sine barn. Og han arbeider på og opdrager den som lever med ham, forat han skal vokse i det gode, bli et bedre Guds barn enn før.

Således følger den himmelske fader de kristne med sine gaver, med sin styrelse, med sin opdragelse.

Notisar.

Døypte: 26. januar: Helene, f. 23. november av i. Hans Kristiansson Daviknes og k. Ingeborg Johansdtr. (f. Bakke).

Ektevigde: 7. februar i Davik Arne Pedersson Bakkelid og Hilda Karlsdtr. Lågeide.

Basarar m. v. Davik 28. november til rednings-saka kr. 52.88 + kontingent og bøssepenngar 13.12. — Leirgulen 12. desember til finnemisjonen 53 kr. 1 kasse klæde til dei naudlidande i Finnmark 45 kr. — Levdal 2. februar til sjømannsmisjonen kr. 90.30. — Isane 3. november til Santalmisjonen kr. 71.00. — Rimstad og Maurstad 2. februar til heidning-misjonen kr. 125.16; bøssepenngar Maurstad kr. 101.10 og Rimstad kr. 83.74. Tils. kr. 310.00. — Barneforeninga Davik 30. desember til heidning-misjonen kr. 35.00 netto.

Til sjukeroktlaget er innkome: Jolefodd: Elde 5 kr., Alfot 20, Kjølsdal 10, Levdal 5, Endal 5, Leirgulen 2.50, Hennøy 3, Reksnes 5. Merke: Elde 1.50, Sparebanken 4, Reksnes 2, Kjølsdal 4, Levdal 2, Endal 2.50, Leirgulen 1.36, Hennøy 2. — Mai-blomar: Hennøy 5. — Medlemspenngar: Husevåg 20, Hennøy 11, Levdal 19. — Basar: Reksnes 100, Husevåg 70.

Til heidningmisjonen fekk eg i posten tilsendt 50 kr. frå X. Vart sendt til pastor Tvedt, Bergen, 12. februar.

Kyrkja i Kjølsdal. 7. februar vedtok soknestyret og soknerådet, bae samrøystes, at kapellet vert å byggja etter dei teikningar som er utarbeidde til

Hildrestranda kapell av statens bygningsinspektør Crawford-Jenssen.

Davik skulestyre vedtok 18. januar med 16 mot 1 røyst at Nynorsk salmebok skal takast i bruk i dei skulekrinsane som har landsmål til hovudmål. Alle 3 sokneråda søkte samrøystes um dette og skuledirektøren tilrådde det. Likeins vart landsmål innført som hovudmål i Gangsøy krins. Ved krinsavrøystinga var det 13 røyster for landsmål og 9 for riksmål. Alle krinsar i heradet brukar no landsmål, anna enn Hennøy og Oldeide.

For 100 år sidan. Døde: 11. mars 1836: Erich Rasmussen Levdal, gårdmann, 41 år. — 31. mars: Oline Olsdtr. Rexnæs, kårkone, 37 år. — 9. mars: Anna Rasmusdtr., yttre Hauge, gårdmannskone, 67 år. — 24. mars: Anders Rasmussen Hundskår, tjener, 33 år. — 22. mars: Anders Monssen Høie, gårdmann, 80 år.

Retting av trykkfeil. I «Lødsens sang» i nr. 65 står i siste vers: «sprudlende»; i staden for «sprudende», og «trofaste» i staden for «troløse».

Gudstenester.

Midfaste sund., 22. mars: Rugsund.

Maria bodskaps. s., 29. mars: Davik.

Palmesundag, 5. april: Totland.

Skirtorsdag, 9. april: Rugsund.

Langfredag, 10. april: Davik.

1. påskedag, 12. april: Davik.

2. påskedag, 13. april: Ålfot.

1. sund. etter påske, 19. april: Berle.

Ved alle gudstenester i kyrkjene altargang um nokon ynskjer det.

Kvittering for kontingent. Kaia Indre-Davik, Hans R. Hamre, Rakel Bakkeliid, Borghild Wük, Kristen Kolsetvik, Rasmus O. Myklebust, Hans Sigdestad, Peder M. Sigdestad, Anders H. Endal 3 kr. — Johs. Hundeide, Erik D. Askeland, Brita Askeland (Hyen), Reiel Endal, Severin Lofnes, Anders T. Vik (Kredsvik), Marie Askevik, Kari M. Vik, Synneve L. Vik, Martine P. Lefdal (Nordfjordeid), Anna P. Elde (Lier), Anne Seime 2 kr. — Dorteia Rød-hjelle (Raudeberg), Ole O. Myklebust 5 kr. — Kyrkjesongar Aurvoll, Alfred Myrvang 10 kr. — Botolf Berge 4 kr., Kristen Ytrehauge 6 kr.; Ole A. Isane, Peder K. Elde 2.50. Tilsaman 96 kr.

Hjarteleg takk til alle.

Ei trollkjerring i Davik.

Overlærer Wilhelm Kvalheim har i «Syn og Segn» skrive ei forvitneleg utgreiding um rettssaker um trolldom i Nordfjord frå 1600-talet. Vi tek her eit stykke som handlar um ei heks frå Davik. Det gjev eit levande bilete av den ovtru som var rådande for 300 år sidan.

Den mest sermerkte hekseprosessen har me i 1658 i Davik. Og når me vil seia at denne kvinna var hysterisk i høg grad, so var det då nett det same som ein den gongen meinte med ei fårleg heks, ei som hadde selt seg til den vonde, og difor skulde brennast.

Gjertrud Andersdotter Honnskor (Hundskår), vart stilt for retten våren 1658. Ho for ikring bygdene og tigga. Når ho ikkje fekk det som ho vilde, lova ho ulukke. Og oftast slo det ogso til, sa folk. På den måten var det få som torde gjera henne imot. Ein-gong rodde Jon Lofnes henne til Leirgulen og då vilde ho ikkje gå det vesle stykket fram til garden. Han skulde plent få tak i hest og slede og køyra henne. Men Jon var ikkje tenkt å mødast med køyregreidor åt ei tiggarkjerring. »Han tog en Risquist aff en Hasselrunn oc slog hinde der met paa Rumpen». «Du skall faa lige for din Forenskab», sa ho. Jau, åtte dagar etter sturta ei av beste kyrne hans. Og då dei skar henne upp, rann det ut mykje blod og vatn, og millom skinnen og vombi fann dei eit nyste av små hår. — Til Anders i Bakken (Hessevågbakke?) kom ho ein gong og bad um drikke. Då ho fekk av bytta og ikkje av tunna (vatn og ikkje øl), vart ho harm og lova ulukke. Og rett nok nokre dagar etter rodde Anders i stilt ver til Gulen. Då kom brått ei bære og velta båten. Han berga seg iland. Men Gjertrud sa seinare til han: Eg hadde etla deg noko anna. Det var synd du slapp so lett. — Fleire vitne fortalde at dei hadde mist ei eller tvo kyr etter at Gjertrud hadde lova ulukke. Alle var og samde um at ho ikkje åt um dagen, men gøynde maten til natta. Ein stad dei ikkje vilde hysa henne lenger enn tvo døger, sa ho: «De skal snart ikkje ha mange hus å låna burt». Straks etter brann husi på garden. Fleire fortalde at ho kunde liggja som død og det gjekk skum um nasa og munn. Sjølv fortalde Gjertrud for retten, at det for nokre år sidan kom til henne ein liten svart hund. Han låg jamsides henne i sengi og alltid var han kald. Hunden tala til henne og bad henne liggja som død og vekte henne att. Det hende han beit henne og. Ho synte i retten fram eine foten sin med merke etter tennene hans. Hunden heitte Rappe-Rappe, sa ho. Han gjorde det ho vilde. Ho hadde sett han til å bita folk i halsen eller foten, til å kvelva båten hans Anders og drepa kui hans Jon Lofnes. Det var og hunden som hadde sett eld på hus. Ho hadde lova å tena hunden so lenge ho levde, og han skulde tå henne til slutt.

(Meir).